

SUNNFJORD OUTDOOR 2010

Torsdag 12. august

Guida tur på Osen Folkesti i Bygstad



Vert med på ei vandring langs vegar og rydda stiar gjennom kulturlandskap og skog i beiteområda rundt Osen gard.

Du får høyre om kulturminne frå nyare og eldre tid. Arkeologisk utgravingar og enkeltfunn frå Osen. Høyr også om Atle Jarl og vikingane og om folket som har budd her i fortid og notid. Kanskje møter vi kyr og kalvar på beite. Vi passerer tidlegare husmannsplassar og ser teigane kvar husmann hadde ansvar for.

Styggefossen og Osfossen – mektige begge to – omkransa av kvar si historie.

Undervegs vert det kvile og kveldsmat på Klettaflåta – mat steikt på glør i følgje med brød.

Dette er ein lett tur som høver for alle som likar å gå på tur.

Fakta: Ta på gode tursko. I tilfelle regn, ta med regnkjede.
Tid: Kl. 18:30
Start og Parkering: I tunet på Osen gard, 10 min før start.
Varighet: Ca. 2,5 timar
Pris: Kr. 150,- vaksne, kr. 75,- born (mat og drikke er inkl). Betal direkte til guide.
Påmelding: Innan kl. 18:00 dagen før til guide.
Guide: Unn Karin Kleppe
E-post: Kontaktinfo til guide: unn_karin@hotmail.com, tlf. 99 16 25 52

EKSTRA: På Florslemmen kan du før turen vitje Venke Nordeide si kunstutstilling: *"Inspirasjon og Gleder"*

Arrangøren vil ha retten til å avlyse turen ved ulageleg ver.

Meir info, ring 57 72 19 51
www.sunnfjord.no

reisemål
Sunnfjord
Fosseheimen - mellom bre og fjord